

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 19.05.2021  
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Evy-Helen Helleseeth**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per april 2021**

**Arkivsak**

2021/1089

**Styresak 028/2021**

**Styremøte 25.05.2021**

---

## Framlegg til vedtak


Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per april 2021 til vitende.

## Administrerende direktør si vurdering

Resultatet i perioden er negativt med 9,1 millionar, som er 12 millionar bak budsjett. Estimert effekt knytt til pandemien er 12,1 millionar, men føretaket hadde berre att 1,4 millionar av løyvde ekstramidlar for å handtere pandemien. Meirforbruk utover løyvde midlar i 2021 skal sjåast opp mot mindreforbruk av løyvde midlar i 2020 på 45,3 millionar. Administrerende direktør vurderer at dette vil dekke dei økonomiske konsekvensane i litt over tre månader til.

Til no i år er resultatet 3,8 millionar, som er 7,4 millionar bak budsjett. Pandemien er den største enkeltposten til avviket. I forslag til revidert statsbudsjett er det foreslått å auke løyvingane til dei regionale helseføretaka, men det er også gjort framlegg om ei skeivfordeling basert på kor pandemien har hatt størst konsekvens. Administrerende direktør har starta arbeidet med å sjå på ytterlegare nedskalering av tiltak knytt til pandemien for å redusere kostnadene. Dette må vere tiltak som ein raskt kan reversere, og som smittesituasjonen i vårt område må gjere det fagleg forsvarleg å gjennomføre. I tillegg har føretaket kontinuerleg fokus på å auke aktivitet så mykje som råd, men innanfor dei avgrensingar smitteverntiltaka medfører.

Aktiviteten innanfor somatikk målt i DRG-poeng og utan H-resept var i april 89,7 prosent målt mot budsjett. Til no i år er aktiviteten 93,2 prosent. Aktiviteten innan psykisk helsevern (PHV) for vaksne og born var i perioden noko lågare enn plan for døgnpostane, med det har vore god aktivitet ved poliklinikkane. Både innan PHV, psykisk helsevern for barn og unge (PBU) og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har vi teke igjen mykje aktivitet, og ligg no framfor 2020 i poliklinisk aktivitet både i april og så langt i år.



For fag ser vi at ventetid for ventande innan somatikk var 56 dagar ved utgangen av april. Dette er same tal som i førre måned, men 19 færre enn april i fjor. PBU har 31 dagar ventetid for ventande ved utgangen av april. Dette er 2 fleire enn i førre måned, men 8 færre enn april i fjor.

Ventetid for dei som har fått starta helsehjelp innan somatikk er 67 dagar hittil i år (70 dagar i april). Dette er 8 dagar høgare enn i fjor. For PBU er ventetida for behandla 46 dagar hittil i år (49 dagar i april), noko som er 3 dagar høgare enn i fjor.

Det er førebels registrert 131 nye fristbrot i april. Dette svarer til 4,9 prosent av dei med frist i perioden. Fristbrota er i hovudsak innan fordøyelsessjukdommar og ortopedi. Lange ventetider og fristbrot skuldast i all hovudsak pandemien. Gjennomgang med klinikkane viser at det vil ta tid å normalisere tala.

Totalt melde saker i synergi i perioden 01.01-31.03.21 var 620 mot 781 førre år. Dei fleste sakene er klassifiserte som mindre alvorlege.

Når det gjeld bruk av breispektra antibiotika i sjukehus, er det eit målkrav om 30 prosent reduksjon i samla bruk i 2021 samanlikna med 2012. For å gjennomgå status og registreringane våre har vi sett ned ei gruppe leia av smittevernoverlegen som skal sjå på bruken og foreslå tiltak for å nå målet.

Sjukefråværet i mars var 5,8 prosent. Dette er 3,3 prosentpoeng lågare enn same månad i fjor, og ein nedgang på 1,3 prosentpoeng frå månaden før. Førrelse tal for april viser at sjukefråværet er på same nivå som i mars. Administrerande direktør er godt nøgd med nedgangen.

## **FAG**

### **Ventetid for ventande ved periodeslutt**

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:

- Somatikk: 56 dagar ved utgangen av april (56 i mars). 75 i april i fjor. Altså -19 frå i fjor.
- PHV: 22 dagar ved utgangen av april (19 i mars). 22 i april i fjor. Altså som i fjor.
- PBU: 31 dagar ved utgangen av april (29 i mars). 39 i april i fjor. Altså -8 frå i fjor.
- TSB (rus): 29 dagar ved utgangen av april (16 i mars). 60 i april i fjor. Altså -31 frå i fjor.

### **Ventetid - helsehjelp starta i perioden**

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i april, var:

- Somatikk: 67 hittil i år (70 dagar i april) – måltal er 50. 59 hittil i fjor. Altså +8 frå i fjor.
- PHV: 30 hittil i år (31 dagar i april) – måltal er 40. 29 hittil i fjor. Altså +1 frå i fjor.
- PBU: 46 hittil i år (49 dagar i april) – måltal er 35. 43 hittil i fjor. Altså +3 frå i fjor.
- TSB (rus): 25 hittil i år (24 dagar i april) – måltal er 30. 26 hittil i fjor. Altså -1 frå i fjor.

### **Fristbrot – måltal 0 prosent**

- Førebels registrert 115 fristbrot på behandla pasientar i april, svarande til 5,2 prosent av behandla i april (4,6 prosent i mars). Gjennomsnitt for Helse Vest er 6,8 prosent.
- Førebels registrert 131 nye fristbot i april, svarande til 4,9 prosent av alle med frist i april (3,4 prosent i mars).

### **Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)**

Førebels 78 prosent for første time (72 prosent i mars). Gjennomsnitt for Helse Vest er 83 prosent. 83 prosent fikk oppfølgingstime innan 24 timer (82 prosent i mars). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 82 prosent.

### **Andel ikkje møtt**

Stabilt lågt med 1,5 prosent (1,4 prosent i mars). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,5 prosent.

### **Epikrisetider**

- Innan 1 dag: Somatikk 75 prosent i april og hittil i år 75 prosent (75 prosent i heile 2020). Psykisk helsevern 46 prosent i april og hittil i år 39 prosent (43 prosent i heile 2020). TSB/rus 27 prosent i april og hittil i år 37 prosent (42 prosent i heile 2020).
- Innan 7 dagar: Somatikk 94 prosent i april og hittil i år 93 prosent (94 prosent i heile 2020). Psykisk helsevern 84 prosent i april og hittil i år 85 prosent (94 prosent i heile 2020). TSB/rus 93 prosent i april og hittil i år 91 prosent (95 prosent i heile 2020).

### **Korridorpatientar**

Stabilt lågt med 18 korridorpatientar, svarande til 0,3 prosent (0,3 prosent i mars). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,0 prosent.

### **Utskrivingsklare pasientar**

46 døgn i april, svarande til 1,0 prosent av alle liggedøgn (0,4 prosent i snitt i 2020). Gjennomsnitt for Helse Vest er 0,9 prosent.

### **Stryking av planlagde operasjonar**

Det var 26 strykingar av totalt 528 planlagde operasjonar, svarande til 4,9 prosent (3,5 prosent i mars). Gjennomsnitt for 2020 var 4,2 prosent.

## AKTIVITET

### Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 586	1 824	-238	1 199	387	6 834	7 406	-572	6 291	543
DRG-poeng poliklinikk, A	432	436	-4	257	175	1 756	1 864	-108	1 467	289
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	87	136	-49	135	-48	967	1 023	-56	1 011	-44
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	51	47	4	16	34	222	187	36	139	84
<b>SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)</b>	<b>2 155</b>	<b>2 443</b>	<b>-287</b>	<b>1 607</b>	<b>548</b>	<b>9 778</b>	<b>10 480</b>	<b>-701</b>	<b>8 908</b>	<b>871</b>
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	111	139	-28	108	3	510	605	-95	521	-11
<b>Sum DRG-poeng egne pasientar (A+C)</b>	<b>2 215</b>	<b>2 536</b>	<b>-320</b>	<b>1 699</b>	<b>516</b>	<b>10 066</b>	<b>10 898</b>	<b>-831</b>	<b>9 290</b>	<b>776</b>
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 332	1 224	108	909	423	5 299	5 153	146	5 011	288
Tal sjukehusopphald	1 371	1 631	-260	1 094	277	6 041	6 510	-469	5 896	145
Tal polikliniske konsultasjonar	10 693	10 008	685	5 974	4 719	42 714	42 818	-104	34 121	8 593

DRG indeks	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
Dag/døgn	0,587	0,639	-0,052	0,599	-0,012	0,603	0,635	-0,032	0,577	0,026
Poliklinikk	0,040	0,044	-0,003	0,043	-0,003	0,041	0,044	-0,002	0,043	-0,002

### Perioden

Aktiviteten i perioden var 4,1 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 67,9 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 11,8 prosent lågare enn budsjett (- 287 poeng) og 34,1 prosent høgare enn førre året (+ 548 poeng).

### Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 0,8 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 20 prosent høgare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 6,7 prosent lågare enn budsjett (- 701 poeng) og 9,8 prosent høgare enn fjoråret (+ 871 poeng).

### Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	972	1 525	-553	1 087	-115	5 842	6 151	-309	5 649	193
Tal utskrivne pasientar	68	89	-21	78	-10	315	349	-34	371	-56
Polikliniske kons. m/refusjon	2 064	2 125	-61	1 968	96	7 842	9 600	-1 758	8 669	-827
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	581	588	-7	273	308	2 205	2 322	-117	1 849	356
Tal utskrivne pasientar	18	17	1	5	13	66	83	-17	64	2
Polikliniske kons. m/refusjon	258	237	21	223	35	913	1 123	-210	987	-74
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	57	122	-65	87	-30	403	487	-84	535	-132
Tal utskrivne pasientar UPH	4	7	-3	9	-5	28	30	-2	28	0
Polikliniske kons. m/refusjon	1 951	1 403	548	1 356	595	6 635	6 720	-85	6 200	435

### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne i perioden var lågare enn plan for døgnpostane. Men det har vore god aktivitet ved poliklinikkane, både innan PHV og TSB. Vi har teke igjen mykje aktivitet, og ligg no før 2020 i poliklinisk aktivitet både i april og så langt i år.

### Psykisk helsevern for barn og unge

Aktiviteten i perioden har vore høg, men vi har hatt få innlagde brukarar ved ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH). Vi har teke igjen mykje aktivitet, og ligg no framfor 2020 i poliklinisk aktivitet både i april og så langt i år.


## Beleggsprosent døgnsesjonar

### Reell beleggsprosent, april 2021, klokka 7

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd	Pasient på korridor
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Akutt Døgn, Psyk.Førde	84 %	78 %	-6 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS Døgn Førde	80 %	76 %	-3 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS psykose Førde	33 %	57 %	24 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	ISP Døgn	65 %	78 %	14 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Døgn	71 %	77 %	7 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Rus	50 %	62 %	12 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ruspost Tronvik	65 %	77 %	12 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ungdomspost for psyk.helsevern	48 %	29 %	-19 %	0
<b>Totalt</b>			<b>68 %</b>	<b>71 %</b>	<b>3 %</b>	<b>0</b>

Beleggsprosenten syner auke på dei fleste døgnsesjonane. Det er ønskeleg og kvalitativt bra at beleggsprosent ved DPS døgn Førde og akutt døgn er noko lågare enn siste 12 mnd.

## Digitale helsetenester



10,8 prosent av dei ISF-refunderbare polikliniske konsultasjonane i april vart utførte gjennom telefon (7,1 prosent) eller video (3,7 prosent). Til saman utgjør det 1530 konsultasjonar. Regjeringa har gjennom statsbudsjettet sett 15 prosent som mål. Psykisk helsevern har flest digitale konsultasjonar. Dei somatiske klinikkane, og særleg medisinsk klinikk, har hatt god stigning dei siste månadene.

Helse Førde har flest videokonsultasjonar og færrest telefonkonsultasjonar i Helse Vest. Totalt hadde Helse Førde færrest digitale konsultasjonar, medan Fonna hadde flest med 13,7 prosent.

## ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
Pasientrelatert inntekt	70 147	75 838	-5 691	305 784	326 600	-20 817
Basistilskudd	175 326	180 727	-5 402	712 378	703 951	8 427
Andre inntekter	4 164	5 529	-1 365	21 253	23 219	-1 966
Sum Driftsinntekter	249 637	262 094	-12 457	1 039 414	1 053 769	-14 356
Varekostnader og Helsetjenester	-34 880	-38 996	4 117	-153 267	-158 846	5 579
Lønn- og personalkostnader	-182 716	-176 574	-6 143	-710 760	-704 282	-6 478
Øvrige kostnader	-34 901	-37 420	2 519	-147 312	-153 456	6 144
Av- og Nedskrivning	-6 188	-6 185	-3	-24 190	-25 455	1 266
Sum Driftskostnad	-258 685	-259 175	489	-1 035 529	-1 042 040	6 511
Driftsresultat	-9 048	2 920	-11 967	3 884	11 729	-7 845
Sum Finans	-105	-113	8	-76	-504	428
Totalresultat	-9 153	2 806	-11 959	3 808	11 225	-7 417

Resultatet er i stor grad påverka av korleis ein inntektsfører øymerka midlar knytt til pandemien. Helse Førde har fått 35,4 millionar i ekstraløyving til å handtere dei økonomiske effektane, samt 4,3 millionar som øymerka midlar til å redusere ventetider og forbetre kapasitet i poliklinikkane.

Det er vedtatt at føretaka skal inntektsføre løyvingane knytt til pandemien i tråd med estimerte tapte inntekter og auka kostnader som følgje av pandemien. Til no i år er effektane knytt til pandemien estimert til 22,8 millionar i tapte inntekter og 23,1 millionar i ekstra kostnader. Samla utgjer dette 45,9 millionar for Helse Førde. Følgjeleg har føretaket brukt 10,5 millionar meir enn vi har fått i ekstraløyvingar i 2021, men dette må sjåast opp mot mindreforbruk av ekstraløyvingar i 2020 på 45,3 millionar.

### Perioden

Resultatet i perioden er 12 millionar bak budsjett. Estimert effekt knytt til pandemien er 12,1 millionar. I perioden er det inntektsført 1,4 millionar knytt til pandemien, som var det som var att av ekstraløyvinga for 2021. Dette indikerer at underliggende drift er omlag 1,5 millionar høgare enn budsjett. Meirforbruket er knytt til lønn.

Driftskostnadene er samla omlag på budsjett. Lågare varekostnad er knytt til gjestepasientar somatik, lågare kostnader som følgje av aktiviteten og H-resept. For H-resept var det eit mindreforbruk på 1,2 millionar. Resultateffekten er tilnærma null då inntektene er tilsvarande lågare.

Personalkostnader har eit meirforbruk på 6,1 millionar. Estimert effekt knytt til pandemien er 5,8 millionar. Det er eit mindreforbruk på øvrige kostnader på 2,5 millionar. Dette er i hovudsak knytt til budsjetteknisk område. Pasienttransport har eit meirforbruk på 0,4 millionar knytt til varekostnader og resultateffekten er negativ med 0,3 millionar på grunn av litt høgare inntekter enn budsjett.

### Akkumulert

Resultatet til no i år er 3,8 millionar, som er 7,4 millionar bak budsjett. Driftsinntektene er 14,4 millionar bak budsjett, driftskostnadene er 6,5 millionar lågare enn budsjett og finans er 0,4 lågare enn budsjett.

Estimert effekt knytt til pandemien utgjer 10,5 millionar av resultatet. H-resept og pasienttransport har også hatt høgare kostnader enn budsjett og påverkar resultatet negativt med høvesvis 2,2 millionar og 1 million. Finans og avskrivningar bidreg positivt med 1,7 millionar og gjestepasientar bidreg også positivt med 3,3 millionar. Til saman utgjer dette 8,7 millionar av avviket mot budsjett.


Av klinikkane har psykisk helsevern eit resultat som er 2,9 millionar betre enn budsjett. Det er også overskot på budsjetteknisk. Justert for dette er det eit meirforbruk i forhold til budsjett innanfor dei somatiske klinikkane, stab og drift og eigedom.

### Likviditet

Per utgangen av april 2021 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 428,3 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 307 millionar kroner som ikkje vert nytta.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i mars 5,8 prosent. Det er 3,3 prosentpoeng lågare enn same månad i fjor, og ein reduksjon på 1,3 prosentpoeng frå førre månad. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste tolv månadene er 6,4 prosent.

### Månadsverk



Brutto månadsverk i perioden var 2400. Dette er 91 fleire enn same periode i 2020. Netto månadsverk i perioden var 2262. Dette er 102 fleire enn same periode i 2020. Hovudårsaka til auken er ekstra arbeid knytt til covid-19.


Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).  
Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

### Trygg pleie


Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført kartlegging av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei siste tolv månadene.

Målet er at 90 prosent av pasientane skal kartleggast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring.






Snittet for Helse Førde er 76 prosent i perioden mot 76 prosent førre måned.




Snittet for Helse Førde er 74 prosent i perioden mot 73 prosent førre måned.



Snittet for Helse Førde er 64 prosent i perioden mot 65 prosent i førre måned.

## Oppfølging sepsis i akuttmottak

Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak. Helse Førde er innanfor målalet i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.



Tid for oppstart av antibiotika på raude og oransje pasientar. Tidsgrensa er 60 minutt. Helse Førde er innanfor målalet i forhold til mediantid.

## Oppstart av antibiotika

